

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2523/97**av 16. desember 1997****om endring av forordning (EØF) nr. 1014/90 om gjennomføringsregler med hensyn til definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 1576/89 av 29. mai 1989 om alminnelige regler om definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker⁽¹⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 1 nr. 4 bokstav i) post 1 bokstav b) og artikkel 15, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av kommisjonsforordning (EØF) nr. 2482/95 av 25. oktober 1995 om fastsetjing av visse overgangstiltak for Austerrike på området alkoholsterke drikkar⁽²⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 158/97⁽³⁾, er det i Austerrike inntil 31. desember 1997 tillate å framstille og marknadsføre visse fruktbrennevin av visse bær med eit høgste metanolinnhald på 1 500 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol inntil det ligg føre ei vurdering av om det er mogleg å redusere dette metanolinnhaldet.

I lys av resultatane frå austerriske granskingar av om det er mogleg å redusere metanolinnhaldet i dei aktuelle fruktbrennevina, bør det på det noverande stadiet innførast nye minstegrenser for metanolinnhaldet i visse brennevin som er framstilte i Austerrike. Likeins bør det òg overvakast korleis utviklinga av ulike sider ved det høgste metanolinnhaldet i desse fruktbrennevina verkar inn, ettersom desse grensene òg må nyttast på dei same fruktbrennevina som vert framstilte i andre medlemsstatar. Granskinga av om det er mogleg å redusere metanolinnhaldet i desse fruktbrennevina, bør halde fram, samstundes som det vert teke omsyn til den tekniske utviklinga utan at dei tradisjonelle eigenskapane til desse produkta vert gløymde.

Det må fastsetjast overgangsføresegner som tillèt marknadsføring av slike fruktbrennevin som er framstilte i Austerrike, fram til den datoen då dei nye, lågare minstegrensene for metanolinnhald tek til å gjelde.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Gjennomføringsutvalet for alkoholsterke drikkar —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 1014/90 skal nytt nr. 4 og 5 lyde:

«4. I henhold til artikkel 1 nr. 4 bokstav i) post 1 bokstav b) i forordning (EØF) nr. 1576/89 skal det høyeste innhold av metanol i fruktbrennevin framstilt av rødris og solbær (arten *Ribes*), røgnebær (*Sorbus aucuparia*) og hyllebær (*Sambucus nigra*) være 1 350 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol og det høyeste innhold av metanol i fruktbrennevin framstilt av bringebær (*Rubus idaeus* L.) og bjørnebær (*Rubus fruticosus* L.) være 1 200 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol.

5. Fruktbrennevin omhandlet i nr. 4 som er framstilt i Østerrike, og som 31. desember 1997 oppbevares for salg til sluttforbrukeren i samsvar med bestemmelsene om innhold av metanol gjeldende nevnte dato i Østerrike, kan omsettes og eksporteres inntil lagrene er tømte.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1998.

(*) Denne rettsakten, kunngjort i EFT L 346 av 17.12.1997, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 90/98 av 25. september 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 160 av 12.6.1989, s. 1.

⁽²⁾ TEF nr. L 256 av 26.10.1995, s. 12.

⁽³⁾ TEF nr. L 27 av 30.1.1997, s. 8.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 16. desember 1997.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen
